

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2017

Stein Inge Ryssdal (H) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er tilsett i Bybanen Utbygging.

Ryssdal gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at han ikkje var inhabil etter forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Saksordførar **Atle Kvåle (A)** orienterte om arbeidet med planen.

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, MDG og V fram slikt forslag:

1. «Hordaland fylkeskommune har ambisjon om reduksjon av klimagassutslepp i tråd med Paris-avtalen, altså minst 40 pst. reduksjon i klimagassutsleppa i 2030 samanlikna med 1990.
2. For å nå nullvekstmålet for Hordaland som heilheit er det nødvendig å differensiere på måloppnåinga. Saman med Bergen kommune har Hordaland fylkeskommune ambisjon om å redusere personbiltrafikken med 10% innan 2020 og 20% innan 2030 innan Bergensområdet.
3. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkestinget ber Statens vegvesen leggje fram plan for gjennomføring.
4. Punkt 7.4 Styrke miljøvennlege transportformer: Rådmannen kjem tilbake med utvida plan for trolleybuss-satsing med vekt på fleksibel teknologi i kombinasjon med linje og batteri.
5. Det skal ikkje prioriterast innfartsparkeringar i sentersonene innanfor Bergen kommune, bortsett frå ved Arna stasjon.
6. Samanhengande sykkelvegnett i Bergen må prioriterast. Fylkets strategi for utvikling av øvrig samanhengande sykkelvegnett skal baserast på sykkelbyprosjektet.
7. Hordaland fylkeskommune legg til grunn målsetting om fossilfri transport i Bergensområdet innan 2030.
8. Fylkestinget ønskjer å legge til rette for auka privat bildeling.
9. Fylkestinget ber Avinor stanse arbeidet med Rullebane 2. Rullebane 2, som vil auke Bergen sitt totale klimagassutslepp med 10% er ikkje i tråd med målsettingar om kutt i klimagassutslepp.
10. Det bør tidleg i planperioden gjennomførast ei ny stor kartlegging av gang- og sykkeltilbod, slik som Statens vegvesen gjennomførte sist i 1997. I tillegg bør det i Bergensområdet gjennomførast ei sykkelundersøking om dagens og morgondagens syklistar slik som Oslo har gjort i undersøkinga «Oslosyklisten».
11. Fylkestinget understrekar at det store etterslepet på vegvedlikehald av fylkesvegar må ha stort fokus framover, både opp mot sentrale myndigheiter og i budsjettprosessen.»

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag:

«Det vert føresett at RTP, RATP og plankart vert samordna og oppdatert i samsvar med dei vedtaka som vert gjort.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Hammer sitt forslag punkt 1 fekk 10 røyster (SV, R, V, MDG) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 2 fekk 10 røyster (SV, R, V, MDG) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 3 vart vedteke mot 19 røyster (H, Frp).

Hammer sitt forslag punkt 4 vart vedteke mot 7 røyster (Frp).
 Hammer sitt forslag punkt 5 fekk 10 røyster (SV, R, V, MDG) og fall.
 Hammer sitt forslag punkt 6 vart vedteke mot 7 røyster (Frp).
 Hammer sitt forslag punkt 7 fekk 10 røyster (SV, R, V, MDG) og fall.
 Hammer sitt forslag punkt 8 fekk 29 røyster (SV, R, V, MDG, H, Frp) og vart vedteke.
 Hammer sitt forslag punkt 7 fekk 10 røyster (SV, R, V, MDG) og fall.
 Hammer sitt forslag punkt 10 vart vedteke mot 7 røyster (Frp).
 Hammer sitt forslag punkt 11 vart samrøystes vedteke.
 Kvamme sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (Frp).

Vedtak

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtek fylkestinget *Regional transportplan Hordaland 2018-2029*, med tilrådde endringar, slik det kjem fram av saksframlegget.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til gjere språklege endringar, samt rette opp og oppdatere tal og statistikk i tekst og figurar/tabellar.
3. Fylkeskommunen vil vurdere alle ferjestrekningar som kan være aktuelle som ferjeavløysingsprosjekt.
4. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkestinget ber Statens vegvesen leggje fram plan for gjennomføring.
5. Punkt 7.4 Styrke miljøvennlege transportformer: Rådmannen kjem tilbake med utvida plan for trolleybuss-satsing med vekt på fleksibel teknologi i kombinasjon med linje og batteri.
6. Samanhengande sykkelvegnett i Bergen må prioriterast. Fylkets strategi for utvikling av øvrig samanhengande sykkelvegnett skal baserast på sykkelbyprosjektet.
7. Fylkestinget ønskjer å legge til rette for auka privat bildeling.
8. Det bør tidleg i planperioden gjennomførast ei ny stor kartlegging av gang- og sykkeltilbod, slik som Statens vegvesen gjennomførte sist i 1997. I tillegg bør det i Bergensområdet gjennomførast ei sykkelundersøking om dagens og morgondagens syklistar slik som Oslo har gjort i undersøkinga «Oslosyklisten».
9. Fylkestinget understrekar at det store etterslepet på vegvedlikehald av fylkesvegar må ha stort fokus framover, både opp mot sentrale myndigheiter og i budsjettprosessen.
10. Det vert føreset at RTP, RATP og plankart vert samordna og oppdatert i samsvar med dei vedtaka som vert gjort.

Under kapittel 6.3.4 Reiseliv og kollektivtransport.

Snøggbåten i Sunnhordland er eit reiselivstilbod med unytta potensiale. Snøggbåten i Sunnhordland må marknadsførast som eit reiselivsprodukt langs heile ruta, slik andre ruter er.